



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Berit Inger Rygg
Telefon: 57 64 31 09
E-post: fmsfbry@fylkesmannen.no

Vår dato
01.03.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2012/1690- 612
Dykkar referanse

Region Sunnfjord v/ Lise Toverud
Region Nordfjord v/ Gro Abilsnes
Region HAFS v/ Kristen Holt
Region Sogn v/ Bjarnhild Samland

Regionane - fordeling av kompetansemidlar 2017 – barnehage

Fylkesmannen tildeler 1 250 000 kroner i kompetansemidlar til regionane. Fordelinga er gjort slik:

- Grunnbeløp 50 000 kroner
- 30 % etter tal barnehagar i regionen
- 70 % etter tal barn i regionen

Midlane skal nyttast i tråd med kompetansestrategien 2014- 2020 og sentrale føringar for 2017. Midlane skal nyttast til barnehagebasert kompetanseheving og omfatte alle tilsette både i kommunale og private barnehagar.

Under føresetnad av innsendt kompetanseplan i tråd med sentrale føringar, vil Fylkesmannen fordele kompetansemidlane slik:

Region Sunnfjord: 410 000 kroner
Region Nordfjord: 370 000 kroner
Region HAFS: 150 000 kroner
Region Sogn: 320 000 kroner

Sentrale føringar for bruk av kompetansemidlane 2017

Barnehagebasert kompetanseutvikling

Utdanningsdirektoratet si målsetjing for bruk av midlane er å heve kompetansen til alle tilsette i barnehagen gjennom barnehagebaserte kompetansetiltak. Lokalt utviklingsarbeid må difor vere eit element i regionale kompetansetiltak. Tiltaka skal vere i tråd med formål, innhald og oppgåver i Rammeplan for barnehagen. Ny Rammeplan skal gjelde frå 01.08.2017 og bør så langt det er mogleg, syne att i regionane sin kompetanseplan.

Satsingsområde

Det er tre nasjonalt prioriterte områder for 2017:

- **Barns språkutvikling**
Kompetansetiltak skal sjåast i samheng med fagområda i rammeplanen og Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving - Språkløyper
- **Realfag i barnehagen**

- Kompetansetiltak skal sjåast i samanheng med fagområda i rammeplanen og Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæring
- **Eit godt barnehagemiljø**
NOU 2015:2 « å høre til» og *Grunnlagsdokument for arbeid med barnehagemiljø, skolemiljø, mobbing og krenkelser* frå Utdanningsdirektoratet skal ligge til grunn for tiltak

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tett-pa-realfag/id2435042/>

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/sec2#match_0

<http://fibel.udir.no/Aktuelt/2016/q4/felles-plattform-for-statens-arbeid-med-barnehage--og-skolemiljo/>

Andre aktuelle satsingsområde

- Pedagogisk leiding og barnehagen som ein lærande organisasjon
- Danning og kulturelt mangfald
- Barn med særskilde behov
- Arbeid med likestilling i barnehagen
- Arbeid med dei yngste borna
- Barnehagen sin digitale praksis

Samarbeid med fagmiljø

Eit sentralt krav er samarbeid med eksternt fagmiljø. Fagmiljø skal så langt det er mogleg støtte og rettleie lokale utviklingsarbeid. I kompetanseplanen skal det kome fram kva fagmiljø som skal nyttast og kostnad.

Rapportering

Regionane skal innan 15.01.2018 rapportere på tal barnehagar, kommunale og private, som har delteke i kompetansetiltaka som kjem fram i kompetanseplanen.

Frist for å sende inn kompetanseplan er 1. juni 2017.

Med helsing

John Ole Vange
utdanningsdirektør

Berit Inger Rygg
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: mal for søknad